


ÅRSMELDING 2018



VEUM KYRKJE



MOLAND KYRKJE



BETEL

FYRESDAL SOKNERÅD



FYRESDAL SOKNERÅD

ÅRSMELDING - 2018

INNLEIING

Fyresdal er ein eitt - sokns kommune med eitt sokneråd / fellesråd.

Fyresdal sokneråd har i 2018 hatt 8 møte, der to av desse har vore ekstraordinære i høve til tilsetjing av ny kyrkjetenar. Kyrkjelyden sitt årsmøte kjem i tillegg.

Rådet har handsama 29 saker, der sakene er ei blanding av sokneråds - og fellesrådssaker.

8 av fellesrådssakene er godkjenning av møtebøker og innkallingar.

Referat - og drøftingssakene inneheld mykje evaluering og planlegging av kyrkjelydsarbeidet.

I tillegg har trusopplæringsutvalet, diakoniutvalet og gudstenesteutvalet hatt egne møte/samrødingar.

Fyresdal sokneråd er sett saman av 6 valde medlemer, soknepresten, som er utnemnd av biskopen, og ein kommunal representant utnemnd av kommunestyret.

1.varamedlem blir innkalla til alle møta.

Fyresdal sokneråd pr. 01.01.2018:

Medlemer

Inger Olaus Angell, leiar
Kari Anne Noraberg, nestleiar
Anne Torhild Tveit Sølyst
Gunlaug Bergstøl Kiland
Annlaug Bergland
Tarjei Aamlid

Varamedlemer:

1. Gunnar Birger Grunnvik
2. Anne Berit Libjå
3. Solveig Abelson Midtgarden
4. Aase Helene Aslestad

Øyvind Mæland, geistleg representant.

Ingunn Lauvrak, kommunal representant.

STILLINGAR

Tilsette:

Øyvind Mæland	sokneprest i 100%.
Else Berit Mandt Gaaren	kyrkjeverje i 100% stilling. Klokkartenesta ligg i stillinga.
Freddy Brander	kantor i 50% stilling.
Ingebret Gaaren	kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar / gravar i 100% stilling t.o.m. 30.04.18.
Bjarne Tveit Mandt	kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar / gravar i 100% stilling frå 01.05.2018.

Eilev Erikstein er tilsett i 100 % stilling som prostidiakon i samarbeid med dei andre sokna i Vest-Telemark.

I 2018 har Eilev vore på 69 husbesøk/samtaler og 11 samlingar i Skogsleiren i Kleivgrend.

I tillegg har han delteke på adventssamling for flyktningar på Betel og på diverse møter i psyko-sosialt kriseteam og er medlem av ei kommunal gruppe som arbeider for å ta vare på Skogsleiren.

Diakonen sin årsrapport ligg på denne nettsida: <http://www.prostidiakon.no/>

Asgeir Sele er tilsett som prost for Øvre Telemark prosti.

Simon Gunnar Skyttemyr, Merethe Jørgensdottir Reinskås og Auver Gaaren har vore vikarar for organisten.

Ingebret Gaaren har vore vikar for kyrkjetenaren og ekstrahjelp ved graving av graver.

Arne Gaaren har vore noko vikar på kyrkjegarden i sommarhalvåret.

Prestevikarar har vore Knut Bjørn Skyttemyr, Øyvind Jørgensen og Kristian Espeland.

Jon Inge Norbø var vikar for kyrkjevevja under tilsetjing av ny kyrkjetenar, og elles har

Kari Anne Noraberg vore noko klokkarvikar.

ARBEIDSGJEVARANSVAR

Soknepresten er tilsett og lønna av Agder og Telemark bispedømeråd og har prostens i Øvre Telemark som leiar.

Fyresdal sokneråd er arbeidsgjevar for kyrkjevevje, kyrkjetenar og organist.

Soknerådet har delegert det daglege ansvaret for dei tilsette til kyrkjevevja.

Grunna familiære forhold har soknerådsleiar hatt personalansvar for den eine kyrkjetenaren.

Under gudstenester og andre kyrkjelege handlingar er det soknepresten som har ansvaret.

VISJON

Folkekyrkja står ennå sterkt i Fyresdal. Oppslutninga kring gravferder, konfirmasjonar og høgtider, slik som jol og 17. mai, er framleis god.

I tillegg har kyrkja i Fyresdal mange gudstenester der einskilde grupper er spesielt inviterte, og då kjem det folk i alle aldrar til kyrkje. Frammøtet blir som oftast særskilt bra dersom Fyresdal Familiekor deltek.

Soknerådet har formulert ein visjon for kyrkja i Fyresdal. Visjonen seier noko om kyrkja, og kva kyrkja ynskjer å stå for:

Kyrkja i Fyresdal - open og inkluderande

Kyrkja bør vere ein stad der ulike menneske, både unge og gamle, kjenner seg velkomne og verdsette. I 2018 har soknerådet hatt fleire tilstellingar, der ein har prøva å engasjere og inkludere flest mogleg.

Lista nedanfor syner at Kyrkja gjennom heile året har aktivitetar i sjølve kyrkjeromet, ute i naturen og i andre lokale, og at einskildpersonar, og mange lag og organisasjonar, blir involverte. Dei heilt "vanlege" gudstenestene er ikkje førte opp her.

Ulike arrangement:

➤ Januar

- Sondag 7/1-18, Kristi openberringsdag: Feiring av Heilage tre kongars dag (6.januar). Gudsteneste i Moland kyrkje kl.15.00, v/Ø. Mæland. 14 barn frå 4 år til 10 år deltok i dramatiseringa av jolekrybba.
- Joletrefest på Betel etter gudstenesta, der det var joletregang, åresal, nissebesøk, kakao, kaffi og jolebakst.

➤ Februar:

- Fredag 2/2, Kyndelsmesse: Veum kyrkje kl.18.00, v/Øyvind Mæland og Knut Bjørn Skyttemyr. Dette var tenkt som eit samarbeid med Nissedal. Det vart servert kveldsmat i Kyrkjestoga.
- 11/2, Fastelavnssundag og Diakoniens dag for Fyresdal: Moland kyrkje kl.11.00, v / Øyvind Mæland og Eilev Erikstein. Fyresdal Familiekor deltok. Fint at mange frå Skogsleiren kom til gudsteneste. Diakoniutvalet inviterte til kyrkjekaffi i prestegarden.

➤ Mars / april:

- Tysdag 6. mars: Moland kyrkje kl.19.00. Gospelkonsert ved Elsa Harris og Angela Primm. Førdsdal Bygdekor deltok på nokre av songane. Jaran Gustavson vart leigd inn for å styre lyden.
- Onsdag 7. mars: Årsmøte i prestegarden, kl.18.30, med enkel servering av kaffi og kaker. Framlegging av årsmelding og årsrekneskap v/ soknerådsleiaren. Måten å dele ut nattverd på vart teke opp. Det kom ynskje om å få nattverd ved altarringen, og ein tenkjer difor å dele ut nattverd ved intinksjon ved altarringen på 1. påskedag og 1. pinsedag. Men ein ser at det er krevjande for dei eldre å kome seg opp kortrappa, så det er fint at utdelinga for det meste skjer nedanfor trappa.
- 18/3, Maria bodskapsdag: Moland kyrkje kl.18.00. Konsertmesse ved konfirmantane og Førdsdal Bygdekor. Merethe Jørgensdottir Reinskås hadde ansvar for musikkopplegget til konfirmantane. Auver Gaaren spela piano saman med konfirmantane og bygdekoret, medan Freddy Brander spela til salmane. Det var generalprøve same dagen, og Annlaug Bergland serverte lapskaus i prestegarden i pausa. Konsertmessa vart godkjend som samtalemesse for konfirmantane.
- 25/3, Palmesundag: Friluftsgudsteneste i Birtedalen kl.12.00, v/Ø. Mæland. Auver Gaaren var organistvikar. Grilling etter messa.

Påska 2018:

- 29/3, Skirtorsdag: POS kl.12.00, v/Ø. Mæland og F. Brander. Veum kyrkje kl.19.00, v/Ø. Mæland. Dåp. Det vart servert kveldsmat i Kyrkjestoga.
- 30/3, Langfredag: Pasjonsgudsteneste i Moland kyrkje kl.19.00. Kari Anne Noraberg var med som tekstlesar saman med Øyvind og Else Berit. Musikk ved Marit van Delft, Angela Gjersund, Erna Rydland og Freddy Brander.
- 1/4, 1. påskedag: Moland kyrkje kl.11.00, v/ Ø. Mæland. Dåp. 59 til stades. Kyrkjekaffi i prestegarden.
- 8/4, 2.sundag i påsketida: Felles diakonisamling i Tokke kulturhus på Dalen.

➤ Mai:

- 1. mai gudsteneste i Moland kyrkje kl.13.00, v/Ø. Mæland. Dette er eit samarbeid med Fyresdal Arbeidarparti. Det var kyrkjetenar Bjarne T. Mandt sin fyrste arbeidsdag.
- Torsdag 3. mai: Fest for friviljuge og tilsette på Betel, kl.18.30. Dette var òg avslutningsfest for kyrkjetenar Ingebret Gaaren. Den nye kyrkjetenaren, Bjarne T. Mandt, vart ynskt velkomen som arbeidstakar i kyrkja. Veldig koseleg fest med god mat og gild underhaldning. Moro med besøk av Ølga Lettvint og Gorine Vælmeint. 80 – 90 til stades.
- Tysdag 8. mai: Sidan vi ikkje hadde tradisjonell samtalemesse dette året, så hadde vi kakefest på Betel etter prøving av kapper og øving til konfirmasjonsdagen. Fjorårets konfirmantforeldre hadde ansvar for baking, kaffikoking, oppvask og rydding.
- Torsdag 17. mai: Moland kyrkje kl.12.00, v/ Ø. Mæland. Fyresdal Musikkorps, Fyresdal Familiekor og Førdsdal Bygdekor deltok. Det vart pynta i, og utanfor kyrkja av føresette til elevar i 6. klasse.
- 20/5, 1. pinsedag: Moland kyrkje kl.11.00, v/ Ø. Mæland. Kyrkjekaffi i prestegarden.
- Laurdag 26. mai: Konfirmasjon i Moland kyrkje kl.12.00, v/ Ø. Mæland. 13 konfirmantar. Musikk ved Erna Rydland, Merethe J. Reinskås og Freddy Brander.

➤ Juni:

- 10/6, 3. søndag i treeiningstida: Vårmesse i Moland kyrkje kl.11.00, v/ Ø. Mæland. Konfirmantpresentasjon og utdeling av konfirmantbiblar. Fyresdal Familiekor deltok. Fyresdal Bygdekvinnelag serverte kaker og kaffi i prestegarden.
- Laurdag 23. juni: Jonsokmesse ved Kleivgrend grendehus kl.18.00. Dette var eit samarbeid med Kleivgrend grendelag. Auver Gaaren spela piano. Vi grilla i bålpanne på tunet.

➤ Juli:

- Opa kyrkje søndag 15. juli og onsdag 18. juli i samband med båtulykka på Fyresvatn. På søndagen kom det ingen. Var ikkje behov for å kome til kyrkje før den sakna var funnen. Ondags kvelden kom 35 personar for å tenne ljøs og ha ei stille stund. Kyrkja var opa fram til kl.12.30. Det vart hengd opp plakater om at folk kunne ta kontakt med Øyvind dersom det skulle vere behov for det.
- 22/7, 9. s. i treeiningstida: Meditasjonsgudsteneste i Moland kyrkje kl.11.00. Innhaldet i gudstenesta vart endra med tanke på ulykka som hadde hendt. Det var lagt opp til enkel liturgi, diktlesing og mykje fin musikk. Forutan fast tilsette så medverka Kari Anne Noraberg under kyrkjebøna og med diktlesing, og Erna Rydland, Marit van Delft, Astrid Jupskås og Sarke Veum deltok med flott musikk og song.
- 29/7, Olsok: Heggland gamle kyrkjegard kl.12.00, v/ Torleiv Austad. Heggland grendelag serverte kaffi og kaker ved kyrkjegardsmuren.

➤ August:

- Fredag 31. august: Basar på Betel med sal av lapskaus, lodd og årer. Hovudgevinstar var utestol, saueskinn, høgtrykkspylar (gjeve av Kviteseid Rørhandel) og måleri (laga av Gunnar Grunnvik). Netto oml. kr. 25 000.

➤ September:

- 2/9, 15. s. i treeiningstida: Messe på Kilegrend grendehus kl.12.00, v/ Ø. Mæland. Dåp. Kilegrend grendelag serverte kaffi og kaker. Utfart til Lønnegrav gravplass. Tore Lotsberg fekk blom og takk for god hjelp på Lønnegrav.
- 9/9, 16. s. i treeiningstida: Moland kyrkje kl.11.00, v/Ø. Mæland. Fyril deltok. Fyril hadde ansvar for å steikje pølser. Elles vart det servert kaffi og kaker.
- Torsdag 20/9: Rottetreff på Betel kl.17.00 – 18.00. Ansvarlege var Berthe T. Heggli og Sigrun R. Rekvik. Fire av 15 inviterte 5-åringar kom.
- 23/9, 18. s. i treeiningstida: Hausttakkefest i Veum kyrkje kl.11.00, v/ Ø. Mæland. Dåp. Fyresdal Familiekor og Roan 4H deltok. Utdeling av DVD til 5-åringane. Fire av 15 inviterte kom. Totalt var det fem 5-åringar som var involverte i Rottetreffet og gudstenesta. Roan 4H serverte kyrkjekaffi og hadde utlodding i Kyrkjestoga.
- 30/9, 19. s. i treeiningstida: Konfirmantjubileum i Moland kyrkje kl.11.00. 40 konfirmantar frå 1967 og 1968 var inviterte, og 21 av dei kom. Alle vart presenterte i kyrkja. Namna på dei som hadde gått bort vart lese opp, og det vart tent ljøs for kvar einskild av dei. Etter messa var det fest på Betel med middag, kaffi og kaker.

➤ Oktober:

- 21/10, 22. søndag i treeiningstida: Moland kyrkje kl.11.00, v/ Ø. Mæland. Offer til TV – aksjonen, Kirkens Bymisjon. Kyrkjekaffi i prestegarden. Diakoniutvalet baka til mottaket i banken på ettermiddagen.

➤ November:

- 4/11, Helgemesse: Moland kyrkje kl.17.00, v/Ø. Mæland. 11 namn vart lese opp. Kyrkjekaffi i prestegarden v/diakoniutvalet.

- Laurdag 10/11: Tårnagentsamling i Veum kyrkje kl.14.00. Leiarar var Svånaug D. Valseth, Øyvind Mæland og Else Berit M. Gaaren. I tillegg var kyrkjetenaren til god hjelp med tilrettelegging og gjennomføring av opplegget. Annlaug Bergland serverte flaggermussuppe i Kyrkjestoga. 5 åtte åringer var med på opplegget.
- 11/11, 25. søndag i treeiningstida: Tårnagentmesse v/Ø. Mæland. Kyrjekaffi i Kyrkjestoga.
- Tysdag 27/11: Samling på Betel saman med flyktingane. Diakoniutvalet hadde ansvaret og serverte jolekaker, småkaker og kaffi. Prostidiakonen Eilev Erikstein var òg saman med oss. Arnstein Moen spela trekkspel til jolesongar og musikkinnslag. Vi hadde pynta med litt «norsk» jolepynt, og vi fortalde om våre joletradisjonar. Så fekk vi høyre litt om tradisjonane i Syria og på Filipinane, og vi lærte noko om ramadan og id- festane. Vi var totalt 20 til stades. Vi fekk mange tilbakemeldingar om det det var ei svært hyggeleg samling.
- Torsdag 27/11: 4-års samling på Betel v/Berthe T. Heggli og Sigrun R. Rekvik. Sju 4-åringar deltok. Annlaug Bergland og Else Berit M. Gaaren ordna med enkel servering.
- Desember:
- Laurdag 1/12 – søndag 2/12: Lys Vaken opplegg i kyrkja og på Betel. Ansvarleg for opplegget var Berthe T. Heggli, Øyvind Mæland og Tone Susanne Kvasjord. Annlaug og Else Berit serverte pizza på Betel. Det var 15 deltakarar på Lys Vaken.
- 2/12, 1. søndag i advent: Lys Vaken gudsteneste i Moland kyrkje kl.11.00, v/Ø. Mæland. Lys Vaken og Fyresdal Familiekor deltok. Utdeling av 4-års boka. Åtte 4-åringar møtte fram.
- 9/12, 2. søndag i advent: Ljosmesse i Veum kyrkje kl.18.00, v/ Ø. Mæland. Konfirmantane deltok med ljospresesjon, tenning av ljøs i den sjuarma ljosestaken, tekstlesing, song og musikk. I prosesjonen ut bar konfirmantane kvar si lykt. Gløgg og peparkaker i Kyrkjestoga.
- 16/12, 3. søndag i advent: Vi syng og spelar jola inn i Moland kyrkje kl.17.00. Fyresdal Musikkorps, Førdsal Bygdekor og ulike solistar deltok.
- Fredag 21/12: Skulegudsteneste i Moland kyrkje kl.09.15. 1. og 10. klasse deltok i prosesjonen inn og ut. 6. klasse hjelpa til med ljostenning. Merethe J. Reinskås spela trompet. God oppslutning med oml.180 til stades.
- Fredag 21/12: Barnehagegudsteneste i Moland kyrkje kl.12.00, v/Ø. Mæland. Øyvind og barna sat i kortrappa rundt jolekrybba medan dei samtala om joleevangeliet. Musikk ved Merethe og Freddy.
- 23/12, 4. søndag i advent: Svartjolsong i Veum kyrkje kl. 20.00. Song ved Mirja, Eili og Sarke Veum. Musikk ved Astrid Jupskås (fløyte), Erna Rydland (kornett, song), Merethe Jørgensdottir Reinskås (trompet, gitar) og Auver Gaaren (piano). Elles var det opplesing av joleevangeliet og ei forteljing av Alf Prøysen.
- 24/12, joleftan: Gudsteneste på POS kl.12.00, v/Øyvind Mæland og Freddy Brander.
- 24/12, joleftan: Gudsteneste i Moland kyrkje kl.16.00. Fyresdal Musikkorps deltok.
- 25/12, 1. joledag: Gudsteneste i Moland kyrkje kl.12.00, v/Ø. Mæland. Merethe Jørgensdottir Reinskås deltok med ekstra musikk (trompet). Kyrjekaffi i prestegarden.
- 31/12, nyttårseftan: Gudsteneste i Moland kyrkje kl. 17.00, v/Ø. Mæland. Erna Rydland deltok med ekstra musikk (kornett).

Andre arrangement / hendingar:

- 6 samlingar med «Kjøkkensamtalen» i prestegarden.
- 21 andaktar på POS ved sokneprest Øyvind Mæland.
- 10 musikkksamlingar på POS ved kantor Freddy Brander.
- 3 møte på Betel i samarbeid med Normisjon og Misjon Sarepta.

KYRKJER, ANDRE KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR

(Namnet kyrkjegard vart endra til gravplass ,ved lov 26/8-2011, ikr.1/1-2012)

Generelt om kyrkjene:

Båe kyrkjene har gode orgel, piano, lydanlegg tilkopla teleslynge, brannvarslingsanlegg og elektronisk klokkeringing.

H. Brinck Hansen Orgelbyggeri stemmer orgelet i Moland kyrkje kvart år, og orgelet i Veum kyrkje annan kvart år.

Pianostemmar Erling Kvamme stemmer pianoa i kyrkjene og på Betel.

Forutan vask og anna tilsyn så er dette gjort i kyrkjene, reiskapshusa / båreroma og kyrkjelydshuset i 2018:

Veum kyrkje:

- Ny bøylemikrofon.
Nytt Sennheiser mic sett vart kjøpt inn til bruk i Veum kyrkje, men det fungerer førebels ikkje på nåverande anlegg, men er grei til bruk på det mobile lydanlegget.
- Kvitt preikestolklede i Veum kyrkje.
Vi har lenga tala om å få preikestolklede i kvitt i Veum kyrkje. Annlaug Bergland vart sett på saka og har vove ei prøve som skal arbeidast vidare med.
- Synfaring av Veum kyrkje og Moland kyrkje 11.10.2018.
Det har skjedd ein del endringar med veggen frå koret mot sakristiet i Veum kyrkje slik som sprekkar i målinga og sig i golvet.
Ein har spekulert om årsaken kan ha noko med oppvarminga å gjere, om det er for stor skilnad på temperaturen i sakristiet og kyrkjeromet når kyrkja ikkje er i bruk, luftfukten i romet, eller om det er grunnmuren / fundamentet som er for dårleg.
Ein tok opp bekymringa under visitasen i 2017, og det vart då anbefala at vi skulle ta kontakt med sakkyndige for å få hjelp til å undersøkje kva årsakene kunne vere.
Etter råd frå KA tok vi kontakt med Petter Nordberg, rådgjevar FDVU («Rådgiving, byggvurdering, prosjekt -og byggleidelse, opplæring av fag –og driftspersonell»). Saman med kyrkjetenar Bjarne Tveit Mandt, tidlegare kyrkjetenar Ingebret Gaaren og kyrkjevevja hadde vi innvendig og utvendig synfaring av Veum kyrkje 11. oktober 2018. Resultatet og metodeutgreiinga ligg på kyrkja sine nettsider.

<http://www.fyresdal.kommune.no/individ-og-samfunn/kyrkja-i-fyresdal>

Moland kyrkje:

- Kvit messehakel i Moland kyrkje.

Den kvite messehakelen i Moland kyrkje er misfarga og ein har vurdert å kjøpe ny. Ein ynskte å finne noko som kunne passe saman med preikestol – og lesepultkledet som kunstnar Greta Rimington saman med Ecclesia tekstilverksted hadde designa og laga. Greta Riminton lever ikkje lenger, og ein ynskte heller ikkje i fyrste omgang å ta kontakt med ein annan kunstnar, men prøve å finne ei enklare, og kanskje noko billegare løysing. Vi gjekk difor inn på heimesida til Savile Row AS, som sel kyrkjetekstilar, og der fann vi ein som på biletet såg ut til å passe. Vi fekk tilsendt stoffprøver og prøver på eit par ulike bordar. Ei tekstilgruppe vart oppretta for å vurdere kva som kunne eigne seg best. Vi vart ikkje heilt nøgde med prøvene, og vi vart samde om at vi fyrst ville finne ut om den gamle vert betre etter reinsing. I samband med dette har vi teke kontakt med Bevaringstenestene.

- Synfaring av Moland kyrkje 11.10.2018.

Etter synfaringa av Veum kyrkje hadde vi ei rask utvendig synfaring av Moland kyrkje. Delar av vassborda må bytast ut, og då helst med malmfuru.

Moland kyrkje har vore lånt ut til ein konsert i regi av kulturavdelinga.

Bårehuset / opphaldsromet til kyrkjetenaren:

- Kjøkkenet og toalettet i opphaldsromet til kyrkjetenaren vart ferdigstilt. Rørleggjararbeidet er utført av Kviteseid Rørhandel og elektrikararbeidet ved Vrådal Elektro AS.

Betel:

- Har måla ferdig glaskarmar og lister på kjøkkenet samt lagt golvflisar på vaskeromet.
- Arbeidet med brannsikert arkivrom i uthuset vart sett i gang.

Sjølve bruker vi Betel til konfirmantundervisning, møte, større kyrkjekaffiar og festar. Elles vert Betel òg leigd ut til selskap, minnesamvere og ulike møte.

Vi har fått **kr. 6 500** i leigeinntekter i 2018. (Kr. 2 000 blir ført på 2019.)

- 31. august arrangerte soknerådet basar til inntekt for drift og inventar til Betel. Netto inntekt oml. kr. 25 000. Kr. 17 500 vart sett av på fond for sparing til nye stolar.

Gravplassane:

Forutan slåing av gras, etterfylling av jord, oppretting av gravsteinar og arbeid knytt til formidling av gravsteinar, så er dette gjort i høve til gravplassane i 2018.

- Vedtekter for gravplassane i Fyresdal kommune

Dei reviderte vedtektene for gravplassane i Fyresdal kommune vart godkjende av Agder og Telemark bispedømeråd den 06.06.2018.

- Dugnader

7. mai hadde vi dugnad på Veum kyrkjegard og i "Parken" saman med Veum grendelag.

9. mai hadde vi dugnad på Moland Nye kyrkjegard.

14. mai arrangerte Kilegrend Grendelag dugnad ved grendehuset og på Lønnegrav

- Ny plenklyppar.

Det vart kjøpt inn ein sitjeklyppar til, Husquarna Rider 213C, 2018 mod.

Pris kr. 28 584 + mva.

Innkjøpet vart gjort i samarbeid med Fyresdal kommune. Kommunen tok halvparten av kostnadene mot at kyrkja slår plenen i parken på Øyane. Den gamle klypparen er stasjonert på Veum og den nye her ved Moland kyrkje.

VERKSEMD

Fyresdal sokneråd har eige reglement for delegering av oppgåver frå soknerådet til leiar, kyrkjevevja og arbeidsutval.

I **arbeidsutvalet** sit leiar, nestleiar og sokneprest. Kyrkjevevja er sekretær for utvalet.

I tillegg har soknerådet eit **kyrkjeleg administrasjonsutval**, som er eit partsamansett utval, og er eit fagorgan for soknerådet i ulike saker. I kyrkjeleg administrasjonsutval sit 2 medlemmer frå soknerådet og 1 medlem frå arbeidstakarane. Kyrkjevevja er sekretær for utvalet.

Sidan 2015 har arbeidsutvalet og administrasjonsutvalet vore slege saman til eitt utval. Representanten for dei tilsette vert kalla inn ved personalpolitiske saker.

Arbeidsutvalet /Administrasjonsutvalet 2018:

Leiar: Inger Angell

Nestleiar: Kari-Anne Noraberg

Varamedlem: Torhild Sølyst

Medlem: Øyvind Mæland

Periode: 1 år.

Representant for dei tilsette: Freddy Brander

Vararepr.: Ingebret Gaaren

Periode 4 år.

Gravplassutvalet:

Gravplassutvalet vurderer kva som bør / skal gjerast på gravplassen.

Utvalet ser m.a. på felling / planting av tre og reglar for verving av gravminne.

Gravplassutvalet 2016 – 2019: Åse Breiland, Einar Mikkelsen, kyrkjetenarane og kyrkjevevja.

Gudstenester og kyrkjelydsarbeid:

I 2018 har vi hatt totalt 50 gudstenester. Som det går fram av statistikken så er gjennomsnittleg frammøte 55, noko vi er svært nøgde med.

Når det gjeld kyrkjelydsarbeid så har soknerådet delegert oppgåver til diakoniutval, trusopplæringsutval og gudstenesteutval.

Utvala er med på planlegging og gjennomføring av aktivitetar saman med staben i kyrkja.

I kvart utval sit representantar frå soknerådet saman med andre frivillige.

Utvala er utnemnde for perioden **2016 -2019**.

Diakoniutvalet 2018: Torhild Sølyst, Gunnar B. Grunnvik, Torhild Moen, Øyvind Mæland og Else Berit Mandt Gaaren.

Utvalet har hatt ansvar for:

- Arbeide ut frå diakoniplanen, evaluere og fornye planen.
- Organisere kakebaking til skogsleiren i Kleivgrend.
- Arrangement i samarbeid med prostidiakonen som t.d. helgemesse og diakoniens dag.
- Kyrkjeskys.

Gudstenesteutvalet 2018: Øyvind Mæland, Freddy Brander, Gunlaug B. Kiland og Else Berit M. Gaaren.

Utvalet har ansvar for planlegging av gudstenestene i høve til salmeval, liturgi og ulike innslag.

I tillegg kan soknerådet kome med innspel og idéar til ulike opplegg.

Soknerådet har god rutine på å evaluere alle gudstenester og andre kyrkjelege arrangement.

Trusopplæringsutvalet 2018: Berthe T. Heggli, Annlaug Bergland, Kari-Anne Noraberg, Ingunn Lauvrak, Svånaug Valseth, Sigrun R. Rekvik, Øyvind Mæland og Else Berit M. Gaaren.

Utvalet har hatt ansvaret for:

- Dåpshelsingar / Fadderposar
- 4-års samling og utdeling av 4- årsbok.
- Rottetreff og utdeling av DVD til 5-åringane.
- Tårnagentane, 3. klasse.
- Lys Vaken, overnatting i kyrkja, 6.klasse.
- Kyrkjekaffi etter ulike gudstenester

Utvalet arbeider ut frå ny plan for trusopplæring som er godkjend av biskopen.

Sidan 2014 har vi fått midlar til trusopplæring frå staten / bispedømerådet.

I 2018 var tilskotet kr. 81 000. Midlane har blitt bruka til konfirmantleir på Gjennestad, lykter til bruk på ljosmessa, fire nye kapper til ministrantteneste, Kristus –kransar, trommestol og notestativ, utstyr til Fyrl Friluftsguppe, Lys Vaken og tårnagentopplegget og bøker og dvd-ar til ulike utdelingar. I tillegg kjem utgiftene til mat til dei ulike opplegga og samlingane.

Alle planar, opplegg og frammøte skal rapporterast digitalt til bispedømerådet.

Konfirmantarbeidet er presten, Øyvind Mæland, sitt ansvar.

Fyresdal kyrkjelyd er ein del av konfirmantarbeidet Ønsket og Elsket. I dette opplegget ligg konfirmantleiren på Gjennestad. Fram til nå har deltakaravgifta vore kr. 2600, der konfirmanten har betala ein eigenandel på kr. 1500. Fyresdal sokneråd har dekt resten av deltakaravgifta, samt kostnadene til skyss og leiarar. I høve til Ønsket og Elsket så er Fyresdal kyrkjelyd òg med på å dekkje kostnadene til felles ungdomsarbeidar som held til i Seljord.

Konfirmantkullet 2017 / 2018: 13 konfirmantar.

Fredag 16. mars: Konfirmantsamling i høve til Fasteaksjonen i Seljord.

Vi hadde hatt for mange undervisningstimar og måtte gjere samlinga i Seljord friviljug, og det vart såleis bare fire konfirmantar som drog.

Tysdag 20. mars: Fasteaksjonen. Konfirmantane samla inn oml. kr. 22 000

Den ordinære samtalegudstenesta vart erstatta med konsertmessa 18. mars.

Konfirmasjonsdagen var laurdag 26. mai i Moland kyrkje.

Konfirmantkullet 2018 / 2019: 18 konfirmantar

Onsdag 4. april: Informasjonsmøte på Betel om leir og konfirmantundervisning.

Tone Susanne Kvasjord synte bilete frå leiren på Gjennestad i 2017.

Laurdag 21. april: Kick-off i Seljord. 15 av dei komande konfirmantane drog dit.

Sundag 10. juni: Vårmesse i Moland kyrkje med konfirmantpresentasjon og utdeling av konfirmantbiblar.

6. - 11. august: Konfirmantleir på Gjennestad, der alle konfirmantane deltok.

Sokneprest Øyvind Mæland vart friteken, så leiarar frå Fyresdal var Else Berit Mandt Gaaren og Tone Susanne Kvasjord. Sondre Lauvrak Larsen var med som fylgje til ein av konfirmantane og Åse Breiland var med som foreldre og kjøkenhjelp nokre av dagane.

I tillegg til at Tone Susanne Kvasjord var med på leir, så har ho og Merethe J. Reinskås vore med på einskilte samlingar.

Det meste av den lokale undervisninga har gått føre seg i prestegarden.

Elles har konfirmantane delteke på ljosmesse og som ministrantar på ulike gudstenester.



Fyrl Friluftsgruppe er eit tilbod for barn og unge 8-12 år.

Fyrl har hatt 18 samlingar i 2018, der den eine samlinga var ein overnattingstur. 15 ulike ungar har vore innom. Fyrl Friluftsgruppe blir drive av Andreas Valebjørg, og samlingane er heime på garden hans. Han har hatt god hjelp av føresette. Øyvind Mæland har hatt ansvaret for delar av trusopplæringa på samlingane.

Fyresdal Familiekor blir støtta av soknerådet og deltek 2 – 3 gonger i halvåret på gudstenester eller ved andre kyrkjelege arrangement. Det er Sarke Veum som er dirigent for koret.

Hausten 2018 talde familiekolet 29 medlemmer i alderen 4 – 9 år.

Kantoren vår, Freddy Brander, akkompagnerer på piano. Koret har øving ein gong i månaden.

Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

Kyrkjelyden har inngått misjonsavtale med Misjonsalliansen om prosjektet

"Skole og utdanning i Kambodsja." Avtala gjeld frå 02.06.2015 til 02.06.2019.

Totalt samla vi inn / rekneskapsført **kr. 16 641, 62** til prosjektet i 2018.

Kyrkjemusikk

Kyrkjelyden i Fyresdal er heldig som har ein dyktig kantor som ofte gjer vanlege gudstenester til ei musikalsk oppleving. I tillegg er han flink til å få med seg solistar ved høgtider og andre særskilte arrangement.

Kyrkjedøra i *Kommuneinformasjonen for Fyresdal kommune* blir nytta kvar månad, noko som er ein grei og sikker måte å nå ut til innbyggjarane på. I Kyrkjedøra set vi inn messelista, rapport frå kyrkjeboka, og elles annan informasjon kring det kyrkjelege arbeidet i bygda.

Gravferdsverksemd

Soknepresten har ei eiga rolle i høve til pårørande. Men elles ynskjer òg Fyresdal sokneråd at kyrkjekontoret skal ha tilbod om hjelp i høve til gravferd.

Pårørande får sjølv sagt hjelp når det gjeld å finne gravstad, men òg i høve til annonsering, salmeark, planlegging av gravferda, og hjelp på sjølv gravferdsdagen.

Det er kyrkjevevja som utfører dette arbeidet i samarbeid med prest og organist. Tenesta er eit gratis tilbod.

Formidling av gravminne

Fyresdal Sokneråd tek på seg formidling av gravminne for Nordicstone A/S /Evje Steinindustri I 2018 hadde soknerådet ei provisjonsinntekt på **kr. 25 950**. Dette blir ført som inntekt i 2019.

Betalt gravstell

Fyresdal sokneråd har pr.31.12.2018 9 gravstellsavtaler, tidlegare kalla gravlegat, som så blir formidla vidare til Åse Breiland. I tillegg har Åse mange direkte avtaler på stell av graver.

Stell av graver

Åse Breiland har løyve til å ta på seg stell av graver på Moland Nye, Moland Gamle og på Veum kyrkjegard.

Stell av krigsgrav / russargrav på Moland nye kyrkjegard.

Tidlegare kunne ein sende faktura på stell av krigsgraver til Kulturdepartementet. Nye reglar seier at det er fellesrådet sitt ansvar å stelle krigsgravene dersom summen ikkje overstig kr.2 000. Fyresdal sokneråd har difor ei avtale med Åse Breiland om stell av grava.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Spørsmål kring helse, miljø og tryggleik er noko som må arbeidast kontinuerlig med. Det er utarbeidd reglar for bruk av kyrkjene og branninstruksar for dei tilsette og friviljuge.

Måndag 19. mars hadde kyrkjevevja besøk frå Arbeidstilsynet.

Tema i tilsynet var:

- Kartlegging av farar og problem.
- Planar og tiltak.
- Vurdering av risiko.
- Rutiner for å forhindre brot på regelverket.

Arbeidstilsynet fann ingen grunn til å gje oss varsel om pålegg for dei temaa vi gjekk gjennom.

Kyrkjevevjene i Vest-Telemark har like samordningsavtaler og malar for gjennomføring av risikoanalyser, handlingsplanar og vernerundar, og Fyresdal sokneråd har sidan 2009 hatt ei avtale med Agder og Telemark bispedøme om HMS – arbeidet. Avtala vart revidert i 2016.

Fyresdal sokneråd / fellesråd har færre enn 20 tilsette, og treng difor ikkje å ha arbeidsmiljøutval med fleire verneområde.

Vernearbeidet i Fyresdal vil framleis vere organisert i eitt verneområde som omfattar dei to kyrkjene, Betel, bårerom m. kontor / reiskapshus, gravplassane og kyrkjekontora til presten og kyrkjevevja.

Vernegruppa er sett saman av eit felles verneombod for dei tilsette i fellesråda i

Vest-Telemark, kyrkjevevja på staden, prosten og verneombodet for prestane.

Det vil òg vere høve til at andre tilsette på staden er med under vernerunden.

Prost Asgeir Sele ynskjer å ha vernerunde kvart år, og det blir såleis ikkje aktuelt å ta føre seg alle bygg, kontor og opphaldsrom kvar gong.

Det vart halde vernerunde på kyrkjekontoret 14. november der dette vart teke opp:

1. Ny avtale om HMS- samarbeid
 2. Handsaming av offer.
 3. Kontroll av flaggstengene.
 4. Arbeid på kyrkjegardane
 5. Ny tram / trapp ved Moland kyrkje.
 6. Vikarordningar
 7. Det psykososiale miljøet.
- Må vere to ved graving av graver.

Til stades på vernerunden var prost Asgeir Sele, Tor Eivind Erikstein, verneombod for prestane, Anne Marie Larsson, verneombod for dei tilsette, og Else Berit Mandt Gaaren, kyrkjevevja i Fyresdal.

Ulike vedlikehaldsavtaler:

- Vest Telemark Brannvesen IKS gjennomfører branntilsyn med jamne mellomrom.
- Dyrud Elektro AS har årleg kontroll på brannalarmanlegget.
- Haugs Bistand har årleg kontroll på sløkkjeapparata.
- Storm-Kulde AS gjennomfører årleg kontroll på kjøleanlegga i båreroma.

KURS / SAMLINGAR

- Prestane har eigne kurs og samlingar.
- Kantorane har eigne kurs og samlingar.
- 30. mai hadde kyrkjetenarane i Øvre Telemark prosti samling /kurs om kyrkjeklokker i Nes kyrkje.
- Kyrkjevevjerene i Øvre Telemark prosti har med jamne mellomrom eigne samlingar.
- Kyrkjevevjerja deltok på kyrkjevevjerje - og prostesamling i Bø 10. - 11. september og på kurs i bruk av Vipps i Bø 20. november. Vipps er ei god ordning for å få inn større offerinntekter.
- Stiftsdagane for alle tilsette i bispedømet vart arrangert i Kristiansand 7. – 8. november.

ØKONOMI

Drift 2018:

Kommunestyret løyver tilskot til drift av det kyrkjelege arbeidet.

I 2018 var dette kr. 2 257 000.

Tenesteytingsavtala med kommunen er rekna ut til å vere kr.100 000, og er inkludert i tilskotet.

Frå 2014 fekk kyrkjelyden i Fyresdal trusopplæringsmidlar frå staten/bispedømerådet.

Tilskotet i 2018 var kr. 81 000.

Årsrekneskapen viser eit overskot på drift på **kr. 13 313**, grunna mindre utgifter enn revidert budsjett i høve til løn og sosiale avgifter, og kjøp av varer og tenester.

Overskotet på drift kan førast over til disposisjonsfond, konto 2560000.

Investering 2018:

Investeringsrekneskapen er i samsvar med revidert budsjett.

Kommentarar:

Disposisjonsfond:

Ut frå tidlegare overskot så hadde Fyresdal sokneråd, pr.1/1-2018 eit samla disposisjonsfond på kr. 347 953. I tillegg kom fjorårets overskot (2017), investering og drift, kr. 151 065.

Totalt kr. 499 018.

I løpet av 2018 vart det bruka kr. 270 000 til drift og kr. 10 416 til eigenkapitalinnskott KLP, og avsett kr. 17 500 i basarinntekter til Betel.

Pr.31/12-2018 er disposisjonsfondet på kr. 237 720.

Kr. 200 000 av disposisjonsfondet er tenkt til bruk i drift i 2019.

Bundne driftsfond:

Fyresdal fellesråd er eit bunde fond som er slege saman av fleire tidlegare legat /fond, og som skal gå til kyrkjelydsarbeid. Fondet kan ikkje brukast utan særskilde vedtak.

Pr. 31/12-2018 er fondet på kr. 21 134.

Lullu Wraa sitt testament er eit bunde fond som går særskilt til barne- og ungdomsarbeid.

Pr. 31/12 – 2018 er fondet på kr. 26 187.

Andre bundne driftsfond:

Gåver pr. 31/12-18: Kr. 2 400

Trusopplæring: Kr. 12 478.

Innkome offer: Totalt: kr. 84 712, 50, inkludert kr. 22 010 til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Kr. 10 770 av offerpengane er til eige arbeid, inkl. trusopplæringsarbeidet.

STATISTIKK

Handlingar i Fyresdal sokn i tida 2013 - 2018:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Døpte, barn	11	10 (6 u.s.)	11 (2 u.s.)	7 (2 u.s.)	5 (1 u.s.)	5 (2 u.s.)
Døpte, konfirmantar	0	0	0	1	2	0
Konfirmantar, høve til kl.liste Prosentvis, medlemmer	18/18 100%	18/20 100%	9/11 100%	14/20 100%	12 114%	13 87%
Vigsler	4	4	0	2	1	1
Gravferder / jordpåkastingar	20	17	21	10	15	10
Innmelde	0	1	0	0	0	3
Utmelde	1	2	7	6	1	2
Tal gudstenester	53	51	51	51	53	50
Frammøte til gudstenestene	2880	2665	2482	2539	2293	2730
Gjennomsnitt frammøte	54	52	49	50	45	55

Frammøte på einskilde gudstenester/arrangement i høgtidene, 2013 - 2018:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Heilage tre kongars dag / joletrefest – Moland kyrkje / Betel	39 (4. dag)	34 (4. dag)	44 (4. dag)	-	-	59 / 56
Palmesundag, Ute -Birtedalen	70	22	35	38	27	30
Skirtorsdag - Veum kyrkje	31	27	34	49	32	73 (dåp)
Langfredag Birtedalen gr.hus / Moland kyrkje	31	44	43 (Moland)	34 (Moland)	46 (Moland)	30 (Moland)
Påskeftan - 1.påskedag - Moland kyrkje	29	39	35 (eftan)	34 (eftan)	23	59 (dåp) (1.p.dag)
Konfirmasjon – Moland kyrkje	368 (pinse)	350 (pinse)	190 (pinse)	255 (5.juni)	215 (27.mai)	300 (26.mai)
1.pinsedag- Moland kyrkje, utan konfirmasjon	-	-	-	83 (2 dåp)	27	21
1.mai - Moland kyrkje	21	22	17	24	25	31
17.mai - Moland kyrkje	137	130	126	113	138	147
Olsok - Heggland gamle kyrkjegard	110	71 (Moland)	64	20 (Moland)	44	49
Tårnagentgudsteneste – Veum kyrkje	-	-	-	42	63 (dåp)	34
Lys Vaken gudsteneste – Moland kyrkje	126 (2 dåp)	88	107	127	71	121
Vi syng og spelar jola inn – Moland kyrkje	185	163	161	199	170	103
Svartjolsong - Veum kyrkje	110	92	86	81	87	109
Joleftan - Moland kyrkje	152	139	167	133	145	183
1.nyttårsdag/nyttårseftan – Moland kyrkje	11 (1.dag)	15 (POS)	8 (eftan)	13 (eftan)	45 (dåp) (eftan)	28 (1.dag)

Soknerådet takkar tilsette og friviljuge medarbeidarar i kyrkjelyden som hjelper til gjennom foreiningar, råd, utval, komitèar, praktisk arbeid og gjennom bøn for arbeidet.

Fyresdal sokneråd, 26.02.19

Inger Angell
leiar


Else Berit Mandt Gaaren
kyrkjeverje

Saker i Fyresdal sokneråd 2018

Vedlegg

Sak nr.	Innhald	Møtedato
F01/18	Godkjenning av innkalling.	Ekstraordinært 17. januar
F02/18	Habilitet i høve til tilsetjing av kyrkjetenar i fast stilling.	
F03/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	24. januar
S/F04/18	Referat - og drøftingssaker	
F05/18	Godkjenning av budsjettet for 2018.	
S06/18	Tildeling av offer.	
F07/18	Godkjenning av innkalling.	Ekstraordinært 31. januar
F08/18	Tilsetjing av kyrkjetenar i Fyresdal.	
F09/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	28. februar
S/F10/18	Referat - og drøftingssaker.	
F11/18	Fastsetjing av årsrekneskapen for 2017.	
F12/18	Godkjenning av årsmeldinga for 2017.	
F14/18	Ny kvit messehakel til Moland kyrkje.	
F15/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	6. juni
S/F16/18	Referat - og drøftingssaker.	
F17/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	22. august
S/F18/18	Referat - og drøftingssaker med hovudvekt på basar på Betel 31. august 2018.	
F19/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	17. oktober
S/F20/18	Referat - og drøftingssaker.	
F21/18	Budsjett 2019.	
F22/18	Honorar til leiarar innan trusopplæring.	
F23/18	Godkjenning av møtebok og innkalling.	5. desember
S/F24/18	Referat - og drøftingssaker.	
F25/18	Budsjettjusteringar for inneverande år.	
F26/18	Vedlikehaldstiltak i Veum kyrkje og Moland kyrkje.	
F27/18	Val av leiar og nestleiar.	
F28/18	Møteplan 2019.	
S29/18	Kyrkjevalet 2019.	

